

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet viser til Jernbaneverket sitt oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å starta opp eit KVVU-arbeid for logistikknutepunkt i Bergensområdet. Fylkesutvalet ser at det vidare arbeidet kring framtidig lokalisering av godshamn for Bergensområdet vert best ivareteke gjennom denne prosessen. Fylkesutvalet legg til grunn at KVVU-organiseringa sikrar brei deltaking frå fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet slutthandsamar ikkje det reviderte planprogrammet for *Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet* no. Prosessen med regional plan vert dermed ikkje vidareført inntil dei overordna føresetnadane for eit framtidig logistikknutepunkt og behovet for vidare planarbeid er avklårt gjennom Jernbaneverket sin KVVU.